

Meland Kommune

v/ saksbehandlar Anne-Lise Næs Olsen

Dalemarka 17.02.16

Solrun og Tom Eirik Albrechtsen

Dalemarka 107

5918 Frekhaug

Angående dispensasjon frå arealformålet i kommuneplanen. Konsekvensutgreiing for flytting av Blom Fiskeoppdrett frå Laksevika til Trollholet.

Som bebuar i Dalemarka 107 sidan 20. 12. 2009, har me sjeldan opplevd noko å klage på til kommunen me valde å bygge i og å flytte til. Vi bur i rekke nr. to mot Trollholet og Herdlafjorden, og har nokre innvendingar mot flytting av Blom Fiskeoppdrett frå Laksevika til Trollholet.

Eg vil nemne Forskrift om etablering og drift av kultiveringsanlegg for fisk og kreps paragraf 3. Der står det at tillating ikkje skal gjevast dersom anlegget: punkt c, har ei uheldig plassering i forhold til omkring liggande miljø, ferdsel eller annen meir samfunnsnyttig bruk av området.

Her er aktivitet i Herdlafjord. Forsvaret nyttar fjorden til øving i periodar. Det gjev ei jamn summing frå store båtar ein lett høyrer heile natta. Her er altså lytt mot fjorden. Fleire hushaldningar som ligg nær fjorden har soverom denne retninga. Når ein veit at dette er for ein periode, kan det tolererast. Men kjem der eit stort fiskeoppdrettsanlegg med aktiviteter heile døgeret – heile veka – året rundt- vil dette absolutt prege bebuarar i form av nedsett livskvalitet med auka støy, lys og lukt. Her er ikkje mykje skog som skjermar fjorden frå dei aller fleste husstandar.

Trollholet nyttast i dag av bebuarar til både fiske og andre formål alt etter årstid og etter ulike ønskje.

Vi som bur i Dalemarka 107, kjenner oss vesentlig råka av denne flyttinga og er absolutt sterkt i mot at den gjennomførast. Vi tenkjer ikkje mest på husets mogelege synkande verdi, men på livskvalitet for livet vidare for både vaksne og born. Vi er og bekymra for ei markant endring i det totale bumiljøet, og dei endringane som vil prege bebuarar som ein følgekonskvens med eit flytte av eit fiskeoppdrettsanlegg på denne størrelsen. Dette var ikkje forespeila då me undersøkte kommuneplanen då me planla å bygge/ busette oss her. Det var ikkje merknader om industri eller næringsverksemd i Dalemarka.

Vi i Dalemarka 107 ber om at det vert funnen ei anna løysing som ikkje fører med seg konsekvensar for Dalemarka.

Venleg Helsing

Solrun Tobiassen Albrechtsen og Tom Eirik Albrechtsen, Dalemarka 107.